

Møte 2. Referat frå møte i NH-nemnda

Møtestad: Volda rådhus

Tid: Måndag 3.04.17, kl 19 00 – kl 21 00

Innkalling: Leiaren i nemnda, Jon Tvinnereim

Til stades:

Odd. A. Folkestad

Kari A. Hasle

Siv Madeleine Kristensen

Rolf Taraldset

Jon Tvinnereim

Orientering

Det var semje om at møta i NH-nemnda skal haldast skiftevis i rådhusa i Hornindal og Volda. Sonja Håvik i Volda kommune har sagt seg viljug til å vere kontaktperson for nemnda. Ho tek mot forslag til kommunenamn – seinare også forslag til kommunevåpen – og sender desse vidare til medlemmene i NH-nemnda og andre som skal ha orientering. Sonja syter også for arkivering. Inger-Johanne Johnsen i Volda kommune hjelper til med annonsering og mediekontakt elles.

Saker

1. Innkallinga til møtet og referat frå første møte i nemnda (på Grodås) og sakliste for dagens møte vart godkjende.
2. Budsjettforslag for arbeidet i NH-nemnda. Odd A. Folkestad hadde laga forslag som vart godkjent.
3. Utlysing av namneforslag. Adressa namneforslag@volda.kommune.no skal brukast ved innsending av namneforslag. Forslag kan også sendast som brev til dei to kommunane. Desse må merkast med «namneforslag». Forslag til namn på den nye kommunen må vere innkomne **innan 10. mai d.å.** Annonsane skal stå tre gonger på ulike tidspunkt (veke 14, veke 16 og veke 18) i desse avisene: Møre, MøreNytt, Fjordingen, Fjordabladet og Sunnmørsposten. Leiaren i nemnda lagar annonsetekst som blir send til Inger-Johanne og Sonja når han er klarert.
4. Framdrift av arbeidet. Ein tek sikte på utlysing av konkurranse om forslag til – og utforming av – kommunevåpen før sommarferien. Vinnaren får ein pengepremie. Ordførarkjede i den nye kommunen blir utforma med grunnlag i ordførarkjeda i Hornindal og Volda, men utan at det blir utlyst konkurranse.

5. Neste møta i NH-nemnda: Førstkomande møte blir halde i rådhuset på Grodås **måndag 24. april kl. 19 00.**
Møtet deretter blir i rådhuset i Volda **torsdag 11. mai kl 19 00.**

Referent: Jon Tvinnereim